

Merknad til regional transportplan Hordaland 2018-2029

Riksveg - Fylkesvegnett

Området mellom Ågotnes-Askøy- Mongstad huser ei svært viktig næringsklynge for Hordaland og Vestlandet. Det er produksjonsbedrifter her som er i verdensklasse og er viktige hjørnesteinar for både oljerelatert industri, havbruk og nye marknader knytta til fornybar energi.

Det er viktig at dette vert vektlagt i den nye transportplanen. Trekantsambandet mellom desse regionale områda må styrkast fordi dette er ein av landets beste næringsklynger.

Sjøtransport

Det pågåande arbeidet med KVVU for nytt logistikk knutepunkt i Bergensområdet vil legge føringar for framtidig godshandtering i regionen. Utfallet p.d.d. er ikkje kjent, men uansett utfall av KVVU, er det viktig at dei gode hamneanlegga på Ågotnes og Mongstad vert sikra oppdrag. Ein samlande handlingsplan for å styrke sjøtransporten mot desse anlegga, er naudsynt både for at hamneanlegga skal kunne vedlikehaldast og for å sikra drift i framtida. Indirekte er dette ein styrking av næringsklyngene her.

Ein bedre logistikk for sending av gods, vil hindra at leveransar som skal til Ågotnes og Monstad blir sendt til Bergen indre havn. Mykje av industrigodset som kjem til Bergen indre havn vert vidare sendt med trailer til Ågotnes-Mongstad.

Ei ny godshavn i Bergensområdet vil svekke ei av våre viktigaste næringsklynger.

Lufftransport

Det er ei utfordringa å sikre auka etterspurnad etter flyreiser og samstundes oppfylle vedtekne mål om redusert utslepp av klimagassar. Oljeselskapa i Noreg har gått i spissen for reduksjon i bruk av flyreiser mellom lokasjonane ved å byggje opp videokonferanserom. Ved bruk av videokonferanserom kan ein ha samtalar ansikt til ansikt med både kundar og leverandører. Ein sparar også mykje tid, for reising er tidkrevande. Det er viktig at andre industrigreiner og statlege, fylkeskommunale og kommunale etater ser på innføring av videokonferanse rom som eit viktig miljøtiltak. Til dømes hadde statlege etater ei markant auke i bruk av flyreiser i 2014, medan oljeselskapa hadde ein forsatt nedgang.

Det er og uvisst kor stor andel av flyreisar som kan gjennomførast med bruk av biodrivstoff.

Blomsterdalen 27.11.2015

Else-Margrethe Sletten